



Tilrettelagd formidling har ikkje alltid vore nok påakta i kulturminnevernet. Foto: Time kulturkontor.

# Å BRUKA EIT KULTURMINNE

## Garborgheimen i Time

ASGJERD TAKSDAL

*Bruk er det beste vern. Påstanden verkar tvilsam. Mange av dei ansvarlege for kulturminne rundt i landet har kome med sterke åtvaringar etter denne siste reiselivs-sommaren: No slit turistane meir på kulturminna våre enn det som er forsvarleg. Vil vi framleis ha kulturminne å syna neste generasjon, så må bruken bremsast ned eller stoppast heilt i visse tilfelle. Vi nærmar oss kulturminneforbruk, og det er langt frå vern. Kulturvernleiar Asgjerd Taksdal i Time kommune har lang røynsle i nye former for kulturformidling.*

For reiselivet er kulturminna ei ettertrakta vare som kan seljast, eit gode kundane deira er villige til å betala for. Verksemda byggjer på kortsiktige økonomiske interesser. Reiselivet har korkje forvaltingsansvar for kulturminna eller formidlingsansvar for komande slekter. Dei kan kanskje tillata seg å sjå det slik.

Men tilstanden og utviklingstendensane gjer det tvingande nødvendig at dei som har forvaltings- og formidlingsansvar for kulturminna drøftar skilnaden mellom bruk og forbruk. For grenser trengst, dei må berre setjast på påliteleg grunnlag.

Det er den forsvarlege bruken som er godt kulturminnevern.

### **Korleis vervar du ein vernar?**

Somme er opplærte til å verna kulturminne og gjer det for betaling. Men trass alt er det få som har kulturminnevern som yrke og livsform, altfor få vil dei

sjølv hevda. Kor store sjansar har den arme einslege offisielle kulturvernaren den dagen ei vernesak skal fram til politisk behandling – dersom ikkje politika-rane er vernarar? Og kva vern ville kulturminna våre få rundt i bygdene utan ei oppglødd menighet av aktive frivillige? Svaret veit vi, og vi skjelv framfor tanken på den dagen dei vernebevisste politika-rane og dei ivrige frivillige ikkje skulle finnast lenger. Det store potensialet av vernarar ligg i publikum. Den som eingong har opplevd eit verdfullt møte med eit kulturminne, har fått ein verdi å verna om, ta vare på og dela med andre. Det er den opplevinga vi må byggja rekrutteringa av stadig nye vernarar på: Den gode bruken.

### **Om vi til dømes brukar Garborgheimen –**

Svært mange kulturminne deler eit viktig trekk med Garborgheimen: Som fysisk gjenstand er dei typiske,

dei fortel noko om skikk og bruk, tankar og haldningar i ein viss tidsperiode, dei er eit historisk produkt og kan tolkast slik.

Samstundes er dei knytte til visse framstående personar i ein eller annan samanheng. Det er kanskje den viktigaste grunnen til at desse kulturminna er tekne vare på i første omgang, som minne om ein velvørd person. Ein slik person er det gjerne også samla andre minne om, gjenstandar, skriftleg materiale. Denne spesielle kunnskapsmengda forsterkar formidlingsverdien av kulturminnet, gjer det lettare å bruka.

Det er i høg grad tilfelle med Garborgheimen. Vi har heile tilfanget av Garborg-historie å spela på, og vi har ikkje minst heile Arne Garborg sin litterære produksjon å lesa inn i relevante samanhengar. Dermed kan innfallsvinkelen, bruken, variera med mottakarane. Garborgheimen må opnast på ulik vis for barnehaungeungar og pensjonistar og ulike yrkes- og interessegrupper.

Men på ein måte brukar vi same nøkkelen:

”Den Mand har aldrig levet  
som klog paa det, er blevet,  
han først ei havde kjær.”

Ein grunnleggjande føresetnad for å forstå og tolka, ”bli klog paa” budskapet frå huset, er å oppleva eit møte med menneska i denne heimen og få samhug og medkjensle med dei, Eivind og Ane, den gamle Aadne og den vesle.

Det første vågespelet er då å vekka opp dei døde, mana dei fram or veggene og få dei til å fortelja. Metoden er forteljinga, vår eiga og Arne Garborg si. Målet er at kvar einaste tilhøyrar skal oppleva huset og tinga og bøkene som sin rettkomne, verdfulle arv.

Arvegods brukar folk å ha vit til å halda i hevd. Det endelege målet er no likevel at dei skal gå frå Garborgheimen med nokre tankar dei ikkje hadde tenkt på lenge, ei oppleving av å ha sett ein aldri så liten glimt av det uskjonlege bak kvardagstilværet, ei oppmuntring til å prøva på nytt. Ein dristar seg til å tru at ein har lykkast når folk takkar for seg i handa og forsikrar at jamen skal dei heim og lesa Garborg igjen.

### Huset som organiserande prinsipp

Ein kan nærma seg dette stoffet frå mange synsvinklar. Byggeskikk er ein spennande tilnæringsmåte. Det reine jærhuset er ei god estetisk oppleving. Men publikum må få hjelp til å lesa meir or det stilreine eksteriøret, der ingenting er tilfeldig motelune. Kvifor er det så langt og lågt? Kva funksjon har skutane? Kva betyr det at den einaste pipa står i venstre halvdelen av huset? Kva fortel det om korleis innbuarane brukte huset? Kvifor var bileggjaromnen så veileigna på Jæren? Kort og godt, vi dreg opp hus-geografien, lærer bort namn på romma: Stova, stovekammerset, stovelemmen. Bua, buakammerset, bualemmen. Kjøkken – eller grua, som det har heitt ein gong, og bakdøra. Slår inn at vårt ”stove” er det same som det engelske ”stove” – og dei har fått det frå oss. Så veit vi kva rom i huset som var varmt, før vi går inn. Det gir oss status som nære, gammalkjende venner at vi blir bedne inn i stova og ikkje plasserte som rettnok velvørde men heller fjerne framandfolk i bua.

Der i stova, kring den faste varmekjelda og den faste lyskjelda, kan vi henta fram folket frå 1850-åra. Vi ser dei gjennom vesle Aadne sine augo, i Knudaheibrev: Gamle farfar Aadne i gyngestolen i omnskråa, kulsen i kroppen og med gammalmannsaugo stirande meir bakover enn fram no, glad for den vesle namnen som


stabbar på golvplankane og skal fylla i rommet når han sjølv er borte. Den gamle fortalde, og greidde å læra gutungen å lesa før den morgonen då gyngestolen stod tom. ”Død”, sa dei vaksne. Så lærte han det.

”Jordmor”, sa dei og. I himmelsenga borti kroken kom småsysken, vogga framfor riksa og gjekk. Mor hadde travelt, med mat på bordet til faste tider. Klede på alle dei veksande kroppane vart til under det flakkande kole-lyset. Der sat kvinnfolka i alle ledige stunder, kardane raspa og rokken surra og vevslaget small om vinterkveldane.

Borte ved døra heng mjølkehilla – meieribruket på garden. Mora sitt dyre ansvar, mjølkedropane som skulle bli til smør og ost og vendast i reie pengar. Ikkje til forbruk, nei, bortsett frå ørlite grann kaffi til helgebruk. Men skattar, tiend.

Storebordet, med bokhylla over. Dei mørke, tunglesne postillebøkene med sin alvorsame bodskap om nåde og fortaping. Eivind var ein omsorgsfull husfar som ikkje ga sine noko høve til å gløyma det eine nødvendige. Andakt kvar morgon – fekk heller stå litt tidlegare opp før ljåslåtten og treskinga. Verst om søndagen når dei ikkje for til kyrkja, når heile dagen om så var kunne nyttast til å tena Herren. Det kunne ta nokre timar det, på stotrande jærsk-dansk or endelause preiker. Som han misunte ho Stine, veslesystra. Ho fekk luta hovudet mot kneet til mora og blunda av, der ho sat på skammelen sin. Litlå hadde ikkje betre vit. Men han som var stor, han fekk halda seg vaken. Det gjekk litt likare då han fekk byrja å lesa sjølv – fem og eit halvt år gammal.

Kanskje han spissa øyro litt villigare når dei kloke mennene i bygda sat her kring bordet saman med faren og heldt møte i fattigkommisjon og skulekommisjon og snakka Læseselskab og vegar i Time? Triveleg var det og når ”skulen” kom til gards og ungar frå heile



Garborg for alle aldersgrupper: Her to gymnasistar som framfører ein dramatisert versjon av ”Trætte Mænd” på Garborgseminaret 1993. Foto: Time kulturkontor.

krinsen trengde seg rundt storebordet med katekisma og tavla og griffelen sin.

Så skulle alt enda så heilt annleis. Ettersom tungsinnet til faren fekk overtaket og alt morosamt vart synd og ulovleg, vaks nok tankane om å koma seg vekk frå dette træleåket, langt vekk.

Langt bort kom dei, alle ni ungane, dei fleste til Amerika. Men først laut dei følgja far sin or denne bua, i ei mørk og bortimot stum gravferd. Den minste, to-tre veker gammal, ansa det ikkje stort. Og ikkje at Ane og dei andre braut opp og flytte frå garden heller, til Sandal på Stokka.

Forteljinga sveiper over eit tidsrom på 21 år og er nøkkelen til mange sider av det livet som levdest her for 140 år sidan.

Kva er dette magiske med god forteljning?

Det er så fullt av motsetnader: Det er ei personleg uttrykksform, skapt i augneblinken med forteljaren sitt ordval, tonefall og gester. Ei slag iscenesetjing der forteljaren styrer framdrifta, set elementa i forteljinga mot kvarandre, lys mot mørke, store sveip mot småe, presise detaljar, dramatisk driv mot dei ettertenksame pausane.

Men inga forteljning blir god utan solid basis i faktisk kunnskap. Dei små detaljane skal vera presise, og rektige. Berre slik blir dei store sveipa sanne og pålitande, og berre då kjenner tilhøyraren seg vel. Dramatiseringa verkar sterkast når synspunktet ligg hjå dei vi fortel om: Det er ikkje særleg interessant kva eg meiner om familien i Garborgheimen. Interessant er det først når personane – rettnok gjennom meg – fortel korleis dei innretta seg og kva dei stelte med. Det vil seia at forteljaren må byggja framstillinga si på eit nettverk av sakleg informasjon og fargerike, målande detaljar – "sett gjennom eit temperament" for å låna eit sitat frå litteraturhistoria.

#### Her ligg bodskapen


I lagnaden til Garborg-familien møter vi det gamle sjølvbergingssamfunnet. Vi opplever korleis det store hamskiftet i den nasjonale jordbrukshistoria slår ut i lokalsamfunnet og på den einskilde garden. Byggeskikken viser korleis arbeids- og familieliv var konsentrert kring kola og bileggjaromn, lys og varme. Forteljinga syner kvinna, husmora, sin motsetnadsfylte plass gardshushaldet: Sentral verdiskapar både økonomisk og sosialt – og underkasta den lesekyndige

mannen i åndelege spørsmål. Vi ser borna sin plass i huset, i seng, ved bord og i arbeid. Tenarane. Her er tida si eldreomsorg. Vi møter norsk kyrkjehistorie slik ho ytra seg lokalt, gjennom presten sin trugne medhjelpar frå Garborg, og Oftedal si vekkingsrørsle. Og ikkje minst slående møter vi tida og kyrkja sitt syn på mental sjukdom, på sjølvmoedet. Til sjuande og sist er det likevel dikteren Arne Garborg si plassering i norsk og internasjonal litteratur dei fleste står att med etter besøket i Garborg-heimen.

#### Oppleving - opplæring

Kor godt vi når fram med den mangearta bodskapen, heng saman med kor nært vi maktar å integrera opplæringa med oppleving. Alt dette vi snakkar om, står i bøker. Det kan lesast og tenkjast over, bør gjera det. Men dette tradisjonelle skiljet i litteraturen mellom sakprosa og diktning, mellom faktainformasjon og kjenslepåverknad, er meir tilpassa eit bibliotekteknisk ordningssystem enn vår naturgjevne måte å tileigna oss erkjenning og innsikt på. Vi skjønar, i den grad vi er påverkelege, med både hjernen og hjarta på ein gong. Vi skjønar halvt og farleg dersom ikkje begge organa er kopla inn samstundes. Derfor er forteljinga, den litterære og den frie munnlege, så nødvendig for formidlinga og forståinga vår. Diktaren Arne Garborg nikkar sitt samtykke og rettar fram "Knudaheibrev" saman med "Fred" og "Haugtussa" til vår bruk. Det fysiske kulturminnet er ikkje tilstrekkeleg formidla utan barndomsskildringane i "Knudaheibrev", scenar frå "Fred" og dikta og songane frå "Haugtussa", med dei mange bileta frå Garborgheimen.

Vi påstår på andre sida ikkje at dei strekk til åleine. Den spennande nye litteraturen om Arne Garborg må liggja i botnen av formidlinga. Det stiller krav til den som skal formidla, både til kunnskap og vågemot. Men



"Garborg i vår tid", mellom professor i nordisk litteratur Otto Hageberg og KUF-statsråd Hernes på Garborgseminaret på Undheim 1993. Foto: Time kulturkontor.

det gir minst dobbelt att: Den som kastar seg på dei sytti famnar og les "Veslemøy lengtar" for framande, vinn distansen. Det har rettnok hendt at iherdige ungdomsskule-matematikarar med maur i kroppen har kommentert: "No sa du Ho mor 24 gonger." Men for turistar flest er det gledeleg uventa å bli tekne såpass på alvor, bli tiltrudd slike menneskelege dimensjonar som evne til undring og lengt. Etter 8 år i Garborgheimen skal ingen få ta frå meg trua på at alle såkalla "vanlege" menneske lever sitt normale dobbeltliv i spenningsfeltet mellom den synlege kvardagen og verda bortanfor. Derfor er sælebot å få treffast i det spenningsfeltet på Garborg.

Dei maurplaga ungdomsskuleelevane og yngre årsklassar med smådyr i blodet treng kanskje ein fem minuttars prat på dørhella om kva eit museum er for noko. Kvifor vernar vi om dette kulturminnet? Kven

gjer vi det for? Skal barnebarna dine få koma hit, eller må dei sitja i klasserommet og lesa om at det fanst eit kulturminne på Garborg ein gong –? Det er opp til deg og kvar ein av oss kva dei skal få oppleve. Sjølve vernetanken bør vera ein del av opplæringsprogrammet på eit kulturminne.

#### Det kjem fleire og fleire -

Skulen kjem, klassar frå eigen kommune og heile Jæren og Stavanger. Barnehagar, lærarhøgskule og DH-grupper. Studentar frå Menighetsfakultet har sett ei særskilt meining i å samlast i Garborgheimen. Pensjonistar. Bondevinnelag og Sau og Geit. Bedriftsforeningar på velferdstur: Oljeselskap, El-verk og bankar. Heile lærarrom – mest utanom regionen – på planleggingsdag. Historie- og ættesogelag.

Men Garborgheimen går også inn i større tilstellin-



Politikarane våre er også Garborg-påverkelige, somme meir enn andre: Dåverande ordførar i Time Arnfinn Vigrestad på seminaret 1993 er medlem i garborgnemnda og medansvarleg for formidlinga vår. Foto: Time kulturkontor.

gar. Garborgseminar med toppfolk innan forskning og formidling har trekt eit stort publikum frå halve landet. Vi har supplert dei med framstående kunstnarlege krefter frå Rogaland Teater og musikkmiljøet kring Bjergsted. Seminaret er likevel ikkje fullført utan samlinga i Garborgheimen og Knudaheio: Tilnærminga til Arne Garborg sitt livsverk når ei kjelde i Garborgheimen – dei fleste hugsar Hulda sine ord om korleis det som hende mellom veggene der, levde i diktaren og dreiv han til å skriva så lenge han fanst til.

Opne kulturkveldar med eit enkelt, samansett program og tradisjonell matserving er ei anna tilnærming til det huset fortel. Å dela eit måltid er den sikraste måten å opna for tovegs-kommunikasjon – kaffien løyser på tungebandet, heiter det. Kaffilukta minner om samver og fellesskap. Eit felles måltid er ei seremoniell handling, ei gjentakning som vekker minne og riv bort stengsle.

### Kjem det for mange?

Det er ikkje talet som avgjer det, men bruken. Likegyldig bruk, busslaster av travle gjennomfartsturistar primært på handletur, ungdommar som rasar i trappene og velter stolar, og antikvitetselskarar som må ta og løfta på alle lause gjenstandar, slike kan vera farlege om dei ikkje er så mange.

Folk som nærmar seg eit kulturminne vørsleg og med sansane opne for dei verdiane minnet representerer, er ikkje farlege innan dei grensene vi opererer med til no. Vi snakkar om bortimot 6000 i sesongen. Men det krev aktivt tilsyn – og vi seier det enno ein gong: Grundig formidling.

Ei gruppe brukarar har vi ønskt særskilt velkommen – lærarstudentar, både dei som kjem og får eitpar Garborg-timar med utfordring til å gå heim og lesa og dei som etterpå kjem att og vil laga praksisoppgåve på



Tradisjonell matserving er ein triveleg måte å nærma seg huset og historia på. Foto: Aud Sjøvik, Bondebladet.

heimen. Di fleire Garborg-beviste lærarar vi får i alle skuleslag, di betre opplæring får fleire elevar, og di fleire potensielle kulturvernarar veks det opp i Jær-regionen. Med lærarstudentane si hjelp har vi no gode undervisningsopplegg å tilby skular og lærarar som ønskjer å nytta Garborglitteratur og Garborgheimen i ulike fag- og emnekombinasjonar.

### Tilbake til utgangspunktet

Visst er god bruk det beste kulturminnevernet, men god bruk vil seia god formidling. Det store utfordringa

no er å utdanna gode formidlarar, høgt kvalifiserte folk med tru på publikum, på si eiga formidling og på at det verkar. Gjerne omvisarar som kan spela på mange strenger, det levande ordet og dei levande tonane er to pålitelege hjelpemiddel. Sjølv sagt omfattar den gode bruken også solid manifestering av det offentlege sitt ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald. Dei som har makt og mynde til å gjera eit pålagt ansvar om til praktiske, ressurskrevjande tiltak, er politikarane våre. Men dei er ikkje stort meir enn menneske, dei heller, framfor Garborg. Dei må ikkje minst få treffa han – heime.